



# *Vitnemål*

---

2009-2010



## Om folkehøgskolen

Folkehøgskolen er ein skole for allmenndanning, personleg utvikling og folkeopplysning. Alle folkehøgskolar har internat som er ein integrert del av det pedagogiske miljøet. Den einskilde skolen fastset sitt verdigrunnlag innanfor denne ramma. Folkehøgskolen har ingen utanforliggende krav til undervisningsopplegg og pensum. Kvar skole utarbeider sitt eige opplegg og skaper sin eigen profil, basert på skoleslagets felles pedagogiske grunnsyn og på lov og føreskrifter. I 1997 vedtok Stortinget å gje elevar som gjennomfører eit folkehøgskoleår tre konkurransepoeng ved opptak til høgare utdanning - under føresetnad av minst 90 % frammøte.

## Om Høgtun Folkehøgskole

Høgtun Folkehøgskole er ein allmenndannande skole med eit allsidig fagtilbod. Dei lokale kretsane av Indremisjonsforbundet, Normisjon og Norsk Luthersk Misjonssamband eig og driv skolen. Høgtun vart skipa i 1917 og fekk dette som sitt **hovudmål**:

*Høgtun har til oppgåve å gje unge kvinner og menn ei vidaregåande opplæring på kristeleg og folkeleg grunn, vekkje og nøre personleg kristenliv og prøve å få dei unge interesserte for oppgåvene i Guds Rike og det vanlege samfunnsliv.*

Skolen er forankra i kristne, humanistiske og demokratiske verdiar og vil i eit totalt læringsmiljø utfordre elevane til personleg, sosial og fagleg vekst.

### Målsettingar

Høgtun vil

- gjennom fagleg breidde fremje allmenndanning, og gjennom livsnær og aktuell undervisning gjere elevane engasjerte og verdibevisste.
- legge til rette for personleg vekst ved å møte den einskilde eleven med respekt for dei føresetnader ho eller han har.
- utfordre elevane til å ta ansvar for eige liv, medmenneske og livsmiljø gjennom aktiv deltaking i miljøskapande og byggjande arbeid i skoleheimen og vidare utover, nasjonalt og globalt.
- vere eit kulturelt kraftsenter i lokalsamfunnet.
- formidle sitt verdigrunnlag gjennom undervisning, morgonsamlingar, kveldsmøte, samtalegrupper og møte med einskildmenneske i det daglege liv.

### Læringsprogram

Læringa omfattar undervisning og aktiv deltaking i det sosiale felleskapet. Klasserommet og naturen, matsalen og internatet, ekskursjonar og studieturar er alle arenaer for læringsprogrammet.

### Undervisninga

Ein lærer teknikkar, ferdigheiter, haldningar og kunnskapar best ved sjølv å vere aktiv. Derfor har skolen lagt til rette for personlege utfordringar og ansvar i undervisninga. Skolen vil at elevane skal få møte eit allsidig fagfelt. Dette kjem m.a. til uttrykk i mange ulike valfagtilbod. All undervisning, organisert sosialpedagogisk verksemd, prosjekt, studieturar m.m. er obligatorisk. Like eins elevane sine plikter i skoleheimen.

### Skoleåret

Eit folkehøgskoleår er på 33 veker – til saman 185 dagar. Kvar elev har minst 24 undervisningstimar i veka.

### Linjetilbod

Skolen hadde dette året følgjande basislinjer: Friluftsliv-topp 30, Friluftsliv-allround, H2O, Idrett ballspel, Idrett PULS, Hest og Musikk. Basislinje går onsdag til fredag kvar veke. I tillegg hadde elevane forskjellige plusslinjer og valgfag å velge mellom. Plusslinjene går 1-2 dagar over eit halvt år. Valgfag går 2-3 timar over eit halvt år. Dei som ikkje har plusslinjer har flere valgfag enn de som har plusslinjer.

### Miljøskapande arbeid

Alle elevar deltek på ulike opne arrangement, programkveldar, internatmøte og fellesprosjekt. Det blir lagt vekt på å skape positive og aktuelle møtestader der elevane blir utfordra til å ta aktivt del.

### Elevsamtalar

Skolen har eit opplegg der kvar linjelærer gjennom året har fire samtalar med kvar elev. Samtalane omfattar elevens personlege, sosiale og faglege utvikling, og tener som rådgjevande evaluering.

# Petter Smart

**født 08.01.1988, personnummer 12345**

*har vore elev ved*

*Høgtun Folkehøgskole, skoleåret 2009/10*

## Eleven sitt læringsopplegg

### Basislinje 13 t/veke: H2O

- Vindsurfing
- Bølgesurfing
- Vannski/wakeboard
- Generelt friluftsliv
- Telemark skikjøring
- Tindebestigning/topptur
- Skredlære
- Kiting på ski

### Plusslinje høst 12 t/veke: Dykking

- To dagar med dykking kvar veke
- «PADI open water» og «PADI advanced» sertifisering

### Plusslinje høst 6 t/veke: Telemark

- Telemark skikjøring
- Tindebestigning – topptur
- Skredlære

På neste side vil linjelærar gje meir utfyllande beskriving av kva som er undervist på linja.

### Valgfag

1. Volleyball (2 t/veke)

Kvart valgfag går over eit halvt år.

### Kjernefag: 2 t/veke

Livsstil, mat og helse

### Fellesfag: 5 t/veke

- aktuelle lørdagsseminar
- temaundervisning

### Studietur

Egypt

### Aktivitetar

Medlem av kafé-gruppa

### Verv

Medlem elevrådet

### Opplivingsveke

Sykkeltur «Tour de Møre»

### Internatet

Eleven har bodd på skolens internat, og plikter på kjøkkenet og på internatet har vore ein del av elevens læringsprogram.

### Realkompetanse

På neste side utdjuper eleven i samarbeid med læraren noko av det viktigste eleven har lært i løpet av året.

### Fråvær

1 dag og 14 timer

### Frammøte

Eleven har møtt opp på 98,3 % av skolens program.

Høgtun folkehøgskole, Torvikbukta, 15. juni 2010

---

Rektor

---

Inspektør

## Linjelærer om H2O

I år har vi stått mykje på ski. Vi har vært i alpinannlegga Bjorli, Oppdal, Stranda og kanskje først og fremst det lokale «Tusten» som denne vinteren hadde gode forhold. Elevane er blitt veldig gode på telemark-ski.

Vi har også hatt mange toppturar på ski i fjella på Normøre og i Romsdal.

Elevane har fått opplæring i skredlære, og vi har denne vinteren hatt veldig spesielle forhold i fjellet på grunn av lite snø og lange kuldeperiodar tidlig i vinter. Dette har ført til mykje «rennsnø»/»begerkrystallar» som er et veldig ustabil lag nede ved bakken. Skredfaren har derfor i år vore mykje større enn normalt. Dette har naturlig nok vore i fokus på alle turane.

I starten av året var vi Hoddevik på Stadtlandet å lærte bølgesurfing, og også de som var på Lanzarote fekk prøve seg på bølgesurfing.

Vindsurfinginga var i år mest konsentrert rundt opplevingsveka «vindsurfing» som var anbefalt for H2O-klassen.

## Eleven om sitt læringsopplegg

Dette året har eg lært.....

Eg har for første gang .....

På skoletur til ..... lærte eg .....

På internatet lærte eg .....

.....

.....

.....

.....

Høgtun folkehøgskole, Torvikbukt, 15. juni 2010

---

Elev

---

Linjelærer